



Hyllestad
kommune

Hyllestadfondet

Vedtekter og retningslinjer per 22.04.21

K-sak 21/035

Hyllestadfondet 2019 - 2022

Bakgrunn:

Med bakgrunn i at Hyllestad kommune fekk betydelege midlar i 2018 frå Havbruksfondet, ble det gjort vedtak i Hyllestad kommunestyre at nokre av desse pengane skulle kome næringslivsarbeidet til gode. Det ble satt av seks millionar til «Hyllestadfondet» for økonomiplanperioden 2019 – 2022.

Komm-18/084 vedtak, punkt 6:

«Det vert tilleggslyyving på 6.000.000 til næringslivsarbeid. Rådmannens skal utarbeide retningslinjer for bruk av tilleggslyyvinga som skal godkjennast i formannskapet før bruk av midlane. Midlane vert tatt frå disposisjonsfondet».

FORM-19/037 Vedtak:

Retningslinjer for bruk av Hyllestadfondet 2019 – 2022 vert godkjent slik dei ligg føre. For 2019 vert ramma sett til 2 millionar kroner.

Komm-20/084 - Budsjett 2021 og økonomiplan 2022-24

Hyllestadfondet med gjeldande ramme og vilkår vert vidareført.

RETNINGSLINER FOR KOMMUNALE TILSKOT TIL NÆRINGS LIV OG BUSETTING I HYLLESTAD KOMMUNE

1. Føremål tilskot

Hyllestadfondet er eit verkemiddel i arbeidet for å styrke næringsliv og busetting i Hyllestad. Fondet erstattar ikkje det ordinære kommunale

næringsfond, som innehar egne vedtekter og som vert finansiert over regionale utviklingsmidlar, men utgjer eit tillegg og eit alternativ til dette. Skulle det mangle økonomiske midlar i det kommunale næringsfondet, eller at søknad fell utanom næringsfondet sitt formål og rammar i h.h.t. vedtekter, kan søknaden bli teken handsaming i Hyllestadfondet.

2. Delegert mynde og fullmakt når det gjeld tilskot

Plan og Samfunn er tillagt ansvaret for forvaltning av fondet sine midlar, og avgjer søknadar om støtte. I kurante saker har kommunedirektøren fått delegert mynde. Dette gjeld for løyvingar inntil kr. 50.000,-

3. Forvaltning og administrasjon

Den til ei kvar tid gjeldande strategi for nærings- og samfunnsutvikling i Hyllestad kommune eller regionale myndigheiter som vert lagt til grunn som retningsgjevande for tilskot til næringsutvikling og busetting.

ADMINISTRASJON

Tilskot kan berre tildelast på grunnlag av søknad eller kommunalt vedtak. Kommunen, eller den dei har avtale med, skal ta imot og handsame alle søknader i søknadsportalen www.regionalforvaltning.no

Kommunedirektøren pliktar til ei kvar tid å syte for at oppdatert informasjon om søknadsmogelegheit om tilskot til næringsliv og busetting er lett tilgjengeleg både på kommunen si heimeside og i regionalforvaltning. Det må opplysast om målgruppe, føremålet med ordninga, tildelingskriterium, kva for opplysningar som trengst i søknaden og eventuell søknadsfrist.

Søklar pliktar å setje seg inn i gjeldande vedtekter og retningslinjer for Hyllestadfondet i forkant av ein søknad.

TILDELINGSBREV

Melding om tildeling av tilskot skal vere skriftleg dokumentert, ved eit tildelingsbrev som skal sendast til kvar

einskild tilskotsmottakar. Tildelingsbrevet skal innehalde:

- Føremål, dvs. kva tiltak tilskotet skal nyttast til
- Tilskotsbeløp
- Utbetalingsvilkår
- Vilkår for bruken av tilskotet og eventuell frist for mottakar til å akseptere vilkåra
- Krav til rapportering
- Informasjon om klagerett
- Tilskotsmottakarar skal skriftleg akseptere at tilskotet er motteke med dei vilkåra som gjeld

KLAGEHANDSAMING

Vedtak om tildeling eller avslag på støtte kan klagast på. Plan og Samfunn er klageorgan på i saker som er avgjort av kommunedirektøren .

Klagenemnd for saker avgjort i Plan og Samfunn er Formannskapet.

4. Løyvingsføremål og støttetypar

Midlane skal bidra til å styrke næringsliv og busetting i Hyllestad kommune. Midlane skal brukast til å fremje etablering og vidareutvikling av eksisterande bedrifter (t.d investeringstilskot, etableringsstøtte, bedriftsutviklingstilskot). Midlane skal og kunne brukast til fysisk infrastruktur og næringsutvikling (t.d planlegging og tilrettelegging av kommunale næringsareal, sentrumsopprusting, infrastruktur for næringsliv, og andre tiltak i verdiskapingsplanen). Det kan gjevast støtte til arrangement med formål om å rekruttere folk til å flytte hit, etablere verksemd, gjere investeringar i næringsutvikling, auke konkurransekrafta, eller bli profilert i større nettverk/marknadar. Det kan gjevast støtte til regionalt samarbeid, samarbeid mellom skule og næringsliv, lokale analysar og utgreiingar, FoU før kommersiell fase, mv.

Midlane kan ikkje bli nytta til garantiar. Midlane kan heller ikkje nyttas til sanering av gjeld, driftstilskot til bedrifter, eller finansiering av den ordinære drifta av kommunen.

Løyvingar frå fondet skal vere behovsprøvd/utløysande for tiltaket, og vurderast difor særskilt i kvar enkelt sak.

Hyllestadfondet skal i utgangspunktet ikkje finansiere bedriftsretta utviklingsprosjekt så lenge dette kan bli finansiert over kommunalt næringsfond. Dette i tråd med fondet sit formål, pkt.1. I tilfelle bedriftsretta saker ikkje kan handsamast i det kommunale næringsfondet pga. manglande økonomiske midlar i fondet, kan sakene bli tatt opp til handsaming i Hyllestadfondet, og då i tråd med tildelingskriterier med heimel i vedtekter for kommunalt næringsfond.

Hyllestadfondet skal primært finansiere prioriterte avgrensa prosjekt i tråd med formålet (pkt.1) som er prioritert i kommuneplanen, primært innan økonomiplanperioden. Dette enten i form av eit avgrensa kommunalt tiltaksprosjekt, eller fellesprosjekt i regi av kommunen sitt næringsliv, lag og frivillige organisasjonar.

Avgrensa tiltaksprosjekt i regi av kommunen, eller tilsvarande prosjekt der kommunen er ein part, kan fullfinansierast. Ein skal så langt som mogleg ha medfinansierar eller eigeninnsats i desse prosjekta og. Støtte av andre prosjekt skal som hovudregel ikkje overstige 50 prosent av kapitalbehov.

Hyllestadfondet skal som utgangspunkt berre finansiere prosjekt som ikkje kan oppnå finansiering frå andre offentlige regionale fonds. Fondet kan likevel finansiere kommunal eigenandel i tilfelle kommunale tiltaksprosjekt oppnår delfinansiering frå andre offentlige regionale fonds eller frå kommunalt næringsfond.

RETNINGSLINER FOR KOMMUNALE UTLÅN TIL NÆRINGSVERKSEMD I HYLLESTAD KOMMUNE

1. Føremål utlån

Utlån etter desse retningslinene skal bidra til næringsutvikling i Hyllestad, i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande strategi for nærings- og samfunnsutvikling i Hyllestad kommune.

Retningslinene skal tydeleggjere korleis dei avsette midlane til næringslån (Hyllestadfondet) skal forvaltast i Hyllestad kommune.

2. Delegert mynde og fullmakt utlån

Kommunestyret har delegert mynde og fullmakt til kommunedirektøren til å handsame og vedta søknader om lån til næringsverksemd som skildra i desse vedtektene.

3. Forvaltning og administrasjon

Den til ei kvar tid gjeldande strategi for nærings- og samfunnsutvikling i Hyllestad kommune, med tilhøyrande handlingsplan, vert lagt til grunn som retningsgjevande for utlån av midlar til næringsverksemd.

ADMINISTRASJON

Kommunedirektøren i Hyllestad kommune avgjer søknader om utlån med beløpsgrense inntil 200.000,-. Plan og Samfunn avgjer søknader med beløpsgrenser over 200.000,-. Det blir teke atterhald om at det er tilgjengeleg midlar i Hyllestadfondet. Kommunale næringslån kan berre tildelast på grunnlag av søknad. Kommunen, eller den dei har avtale med, skal ta imot og handsame alle søknader i søknadsportalen www.regionalforvaltning.no

Kommunedirektøren pliktar til ei kvar tid å syte for at oppdatert informasjon om søknadsmogelegheit om næringslån er lett tilgjengeleg både på kommunen si heimeside og i regionalforvaltning. Det må opplysast om målgruppe, føremålet med ordninga, tildelingskriterium, kva for opplysningar som trengst i søknaden og eventuell søknadsfrist.

Søklar pliktar å setje seg inn i gjeldande vedtekter for lån til næringsverksemd i Hyllestad i forkant av ein søknad.

Ved utrekning av kapitalbehov inngår kun reine pengeutlegg. Eigeninnsats kan ikkje inngå i støttegrunnlaget.

TILDELINGSBREV

Melding om tilbod om næringslån skal vere skriftleg dokumentert, ved eit tildelingsbrev som skal sendast til søkjar. Tildelingsbrevet skal innehalde:

- Føremål, dvs. kva næringslånet skal nyttast til
- Lånebeløp
- Utbetalingsvilkår
- Betalingsplan
- Krav til rapportering
- Informasjon om kontrolltiltak som kan verte sett i verk
- Mogelege reaksjonsformer dersom mottakar ikkje opptrer i samsvar med føresetnadane for lånet, og/eller mislegheld lånet
- Informasjon om klagerett
- Lånemottakar skal skriftleg akseptere at lånetilbodet med dei vilkåra som gjeld

KLAGEHANDSAMING

Vedtak om tildeling eller avslag på lånesøknad kan klagast inn for ei eiga klagenemnd. I Hyllestad er dette Formannskapet.

4. Løyvingsføremål og støttetypar

GENERELT

Næringslån skal nyttast til tiltak som aukar Hyllestad kommune sin attraktivitet for folk og næringsliv og næringslån skal ha utløysande effekt for gjennomføringa.

INVESTERINGSLÅN/ETABLERINGSLÅN

Næringslån skal berre nyttast som ei støtte til investeringar i bygg, maskiner og utstyr, eller til etableringslån.

BELØPSGRENSER

Lånebeløp må tilpassast det einskilde prosjekt. Maksimalt kan det gjevast 50 prosent av investeringskostnaden eller etableringskostnaden. Maksimal lånesum per prosjekt er sett til kr 500.000. Det vert teke atterhald om at midlar er tilgjengeleg i Hyllestadfondet.

5. Avgrensing

Kommunale næringslån skal supplere, ikkje erstatte, andre offentlege støtteordningar for bedrifter.

Lånemidlar kan ikkje nyttast til sanering/refinansiering av gjeld, aksjeteikning, eigenkapital, varekjøp, grunnlagsinvesteringar eller finansiering av ordinær drift av verksemdar eller kommune.

All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt er sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette gjelde slikt som vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type.

Det skal visast varsemd med å gje lån til nyetableringar av detaljhandel og anna serviceverksemd, som kan verke konkurransevridande.

Søknadar som vert vurdert til å ha liten grad av bedriftsutvikling/nyskapingselement vert som regel avslegne.

Støtte til enkeltbedrifter vert gjeve etter reglane for bagatellmessig støtte. Enkeltbedrifter kan ikkje ha motteke meir enn EUR 200 000 i samla offentlig støtte i løpet av dei siste tre rekneskapsåra.

6. Utbetaling, avdragstid, rente m.m.

UTBETALING

Næringslån skal vere utbetalt og nytta innan eitt år frå løyvingdato.

AVDRAG

Om ikkje anna er nemnt i vedtak om lån er avdragstida to år. Maksimal avdragstid er fem år. Om ikkje anna er nemnt i vedtaket skal det betalast to like avdrag i året, inntil lånet er nedbetalt.

Avdraga skal betalast uoppfordra, det vert ikkje sendt ut påminning. Betalingsplan skal vere vedlagt tildelingsbrev.

RENTE

Det er ikkje rente på kommunale utlån til næringsverksemd.

Hyllestad kommune kan ta strafferente, som fylgjer marknadsrenta for denne type lån, dersom avdrag ikkje vert betalt til rett tid.

7. Andre reglar

Er det fleire låntakarar skal dei stå solidariske for lånet. Så lenge lånet ikkje er tilbakebetalt må ikkje låntakar selje eller flytte tiltaket eller deler av det utan at Hyllestad kommune på førehand har gjeve løyve.

Låntakar skal drive slik verksemd som var føresetnaden for lånet, dersom så ikkje skjer kan kommunen krevje restlånet innfridd straks.

Heile lånet forfell til betaling dersom lånevilkåra og standardreglane blir misleghaldne, eller låntakar på annan måte handlar i strid med dei føresetnadene som tilsegn og vilkår byggjer på. Det same gjeld dersom låntakar vesentleg forringar si formuestilling ved gåver, oppretting av ektepakt o.l., tek fast bustad utanfor Norge, innstiller betalinga, søker akkord, undergår arrest eller eksekusjon og eller at selskapet opphøyrer.

Er låntakaren eit aksjeselskap, kan lånet seiast opp dersom hovudmassen av aksjane vert overdregne til andre eigarar utan løyve/dialog frå kommunen.

KUMULASJONSREGLANE

Ordet kumulasjon betyr i denne samanheng «fri anvending» og er knytt til frihandelsavtaleverket.

Dersom kommunen går inn med næringslån er det viktig å merke seg EU regelverket om bagatellmessig støtte, implementering gjennom EØS-avtalen. Det kommunale næringslånet må sidestillast med anna bagatellmessig støtte. Det er i kvar søknad krav om at dersom støttemottakar får støtte frå meir enn ei kjelde, må støtte frå dei ulike kjeldene leggjast saman (kumulert) slik at ein ikkje kjem over den høgste tillatne støttegrensa.

Søkjær er difor pliktig til å opplyse om anna støtte som vert gjeve til det same kostnadsgrunnlaget.

Dersom ny støtte skal tildelast som bagatellmessig støtte, må føretaket opplyse om kor mykje bagatellmessig støtte føretaket har fått dei siste tre år. Samla offentleg støtte får ein ved å summere tilskot og eventuelle støtteelement i lån, garantiar og andre støtteformer.

